# Om myter og realiteter

**ABORT: Berit Austveg må nok selv ty til «myter» om hun vil hevde menneskets verd.**

**BERNT T. OFTESTAD,**
*kirkehistoriker*

Berit Austveg ønsker en abortdebatt tilpasset dagens livssynsmangfoldige samfunn (*Myter i abortdebatten*, VL 25.05). Samtidig understreker hun at argumentasjonen bør være basert på *fakta* og ikke på *myter*. Advarselen er særlig rettet mot «abortmotstandere». De hevder at fosteret har rett til «liv» og mener at de bruker «biologiske argumenter».

Men egentlig er argumentasjonen mytologisk og uten dekning i faktisk virkelighet, mener Austveg. *Fakta* er for henne *vitenskapelig* erkjente og bestemte biologiske realiteter. Og bare ved et vitenskapelig språk kan det gis kunnskap om disse realitetene. *Mytologisk* språk gir ikke reell kunnskap, men målbærer illusoriske myter. Argumentasjonen i abortsaken trenger med andre ord å saneres, mener Austveg.

## Uten menneskelighet

Å ta utgangspunkt i «det ufødte liv» ved etisk vurdering av abort, er for Austveg å holde frem en myte om mennesket. For et foster er ikke et «liv», men «et potensielt nytt individ». Hun påpeker at «det ved befruktningen oppstår en helt unik genkombinasjon, (...). Den nye genkombinasjonen har i seg selv ingen ambisjoner, ingen håp, føler ikke angst eller smerte.»

Hennes poeng må være at fosteret ikke har menneskelighet. Å fjerne et foster betyr da å ta bort et biologisk objekt som med litt flaks kunne ha bli et nytt individ av menneskearten. Å kreve offentlig beskyttelse av et slikt objekt vil virke meningsløst, siden en gyldig vitenskapelig begrunnelse mangler. Slik er det nærliggende å oppfatte Austveg.

## Hva er et liv?

Men det tema hun tar opp, har relevans *ut over* abortdebatt og abortlovgivning. Her berøres viktige og dyptliggende forutsetninger for den liberale stats- og samfunnsform.

I den norske Grunnloven heter det i § 93: «Ethvert menneske har rett til liv». «Statens myndigheter skal beskytte retten til liv (...).» Her reflekteres Menneskerettighetenes art. 3: «Enhver har rett til liv, (...).» For Austveg og likesinnede må denne bruk av begrepet *liv* være problematisk. Hva betyr det å ha rett til liv? Hun hevder at et foster ikke er et «liv», men «et potensielt nytt individ». Er det da en menneskerett for «ethvert menneske» å være et «individ» av menneskearten? Men kan det være noen menneskerett?

Det gis en vitenskapelig forståelse av menneskearten. Kan man ut fra en slik forståelse hevde at individer av denne arten har en *rett* til eks. liv? Det tror jeg ikke er mulig. Austveg må med andre ord selv ty til «myter» om hun vil hevde menneskets verd.

# Blir det forsoning no?

**FORNORSKINGSPOLITIKK: Korleis skal forsoning med samar, kvenar, norskfinnar og skogfinnar kunne lukkast når eit forsvinnande lite antal nordmenn føler at forsoning angår dei?**






**KARASJOK 1950**: Norske skular spelte ei sentral rolle i fornorskinga av samar, kvenar, norskfinnar og skogfinnar. Her frå Internatskolen for Flyttsame-barn, der ein samisk elev leser norske ord frå tavla. Foto: Sverre A. Børretzen / NTB

**ELIN SKAAR & ELIN MONSTAD**
*Seniorforskar, Chr. Michelsens Institutt & PhD-stipendiat Universitetet i Bergen, Begge er tilknytt forskingsprosjektet TRUCOM*

I morgon, 1. juni, legg Kommisjonen for å granske fornorskingspolitikk og urett overfor samer, kvener og norskfinner (betre kjend som Sannings- og forsoningskommisjonen) den 700 sider lange sluttrapporten sin fram for Stortinget. I denne rapporten kjem dei med ei rekke tiltak som skal skape forsoning mellom den norske stat og samane, kvenane, norskfinnane og skogfinnane som gjennom fleire tiår vart utsette for grove menneskerettsbrot gjennom fornorskingspolitikken.

Lenge var forsoning i dette landet einstydande med heling av såra etter den andre verdskrigen. Akkurat no er ein heilt annan forsoningsdebatt aktuell: korleis skal dei gruppene som har lidd historisk urett i form av fornorsking forsonast med den norske staten – og med majoriteten? Korleis skal dei kunne lukkast når eit forsvinnande lite antal nordmenn føler at dette angår dei?

## 700 personlege historiar

Den offisielle fornorskingspolitikken varte frå midten av 1800-talet til (offisielt, men ikkje i praksis) midten av 1950-talet. Dei langsiktige konsekvensane av denne politikken er høgst aktuelle. Tenk berre på Fosen-saka.

Rapporten som kommisjonen legg fram i morgen inneheld fem år med grundig gransking av historiske kjelder. Innsamling av rundt 700 personlege historiar frå samar, kvenar, norskfinnar, og skogfinnar skal presenterast for heile folket. Kommisjonsleiar Dagfinn Høybråten har lova at rapporten vil avdekka sider av norsk historie som til no har vore eit ukjent kapittel.

> **Samar kjenner det aller største personlege ansvaret for forsoning: 45 prosent**

Størst spaning – og forhåpning – knyter seg antakeleg til anbefalingane som rapporten vil komma med. Kommisjonen har vore genuint opptatt av å få innspel til forsoningstiltak undervegs i arbeidet sitt. Er innspela som enkeltpersonar har komme med tatt med? Er innspela frå dei 36 interesseorganisasjonane som deltok på høyringsmøtet i Stortinget 6. mars tatt på alvor? Er anbefalingane til forsoning mange? Kjenner dei berørte gruppene seg att i forsoningstiltaka? Vil det vera mogeleg for norske myndigheiter å faktisk implementera tiltaka? Og det største, viktigaste, og vanskelegaste spørsmåla av alle: Vil desse tiltaka enkeltvis, eller samla, bidra til forsoning?

## Forsoningsdugnad

Me er mest spent på korleis Kommisjonen sjølv kjem til å definera det vanskelege omgrepet «forsoning». Vil tolkinga vera i tråd med det «folk flest» meiner om forsoning?

I nasjonale spørjeundersøkingar som forskingsprosjektet TRUCOM har fått utført, kjem det nemleg tydeleg fram at folk tenkjer på mykje rart når ein ber dei om å skriva ned kva dei assosierer med ordet «forsoning». Berre ein liten del av det er relevant for det Kommisjonen har jobba med. Dei fleste tenkjer på forsoning som å bli vener igjen, prata saman, be om unnskyldning, tilgje, bli samde, gå vidare. Altså handlingar eller samspel som går føre seg mellom enkeltindivid eller mellom grupper. Ei lita handfull tenkjer på forsoning i tydinga av noko åndeleg eller religiøst. Berre nokre få snakkar om erstatning og kompensasjon. Av om lag 2000 respondentar, var det kun ti som nemnde staten eller norske myndigheiter.

Eit anna spørsmål er dette: Kommisjonen kjem med framlegg til ei rekke tiltak for forsoning, og staten har hovudansvaret for implementeringa av tiltaka. Men kven skal syta for at forsoninga faktisk skjer? Det paradoksale er at sjølv om «folk flest» tenkjer på forsoning som noko som angår enkeltmenneske eller forholdet mellom menneske/grupper, føler under tre prosent av dei som definerer seg sjølv som norske, at forsoning er noko som vedgår dei personleg. For dei som definerer seg sjølve som same, kven, norskfinne eller skogfinne derimot svarar over ti gonger så mange – 34 prosent – at forsoning angår dei personleg.

Samar kjenner det aller største personlege ansvaret for forsoning: 45 prosent. Heile 75 prosent av eit representativt utval av folk som bur i landet vårt svarer at forsoning ikkje angår dei personleg, men at dei (likevel) tykkjer det er viktig. Litt nedslåande er det at ein fjerdedel av alle nordmenn tykkjer verken det er viktig eller at dei har eit personleg ansvar for forsoning. Dei som skal fylgja opp rapporten har difor eit stort ansvar for å få folk med på forsoningsdugnaden.

## Vedgår oss alle

Frå kl. 12:00 i morgon, 1. juni, skal ei rekke framståande forfattarar, journalistar, skodespelarar og «kjendisar» gjennom 35 samanhengande timar vera med på ein høgtlesingsstafett av alle dei 700 sidene. Opplesinga skjer både på Nationaltheatrets hovedscene i Oslo og på Bergen Offentlege Bibliotek, og skal sendast kontinuerleg i radio og som «sakte-TV» på NRK. Dette er ein glimrande strategi for å nå ut til folk i heile landet. Kanskje er det nettopp eit slikt stunt som skal til for å få både samar, kvenar, norskfinnar, skogfinnar og «folk flest» til å føle at forsoning vedgår oss alle?

LES MER!
Side 6-7
Forteller skjult del av norsk historie



**IKKE HUMANT**: «Dette lille hjørnet av humanitet utslettes», skriver domprost Stig Lægdene, om justisministerens skjerpede instrukser i kirkeasylsaker. Foto: Terje Pedersen

# Mehl og Senterpartiets rasering av kirkeasylet

**KIRKEASYL: Justisminister Emilie Enger Mehl kaster 1000 års kristen og humanistisk tradisjon i dette landet rett i søpla.**

**STIG LÆGDENE,**
*domprost i Tromsø*



Med et pennestrøk avsluttet justisminister Emilie Mehl 1000 års forståelse av kirkerommet som hellig sted, et sted der myndighetene ikke går inn for å hente ut redde og fortvilte mennesker. En har ikke bare trukket tilbake tidligere instrukser om at en som hovedregel ikke skal gå inn i kirker og bedehus for å hente ut utlendinger som skal sendes tilbake til hjemlandet. Justis- og beredskapsdepartementet skriver nå: «Politiet forventes heretter å effektuere vedtak uavhengig av personens oppholdssted».

## Redder liv

I år er det 30 år siden det første moderne kirkeasylet ble opprettet i Elverhøy kirke i Tromsø. Stort sett har det i hele denne perioden vært mennesker som har sittet i kirkeasyl. Kirkeasylet har riktignok ikke passet inn i et strømlinjeformet samfunn, men det har fungert som en sikkerhetsventil. Ganske mange har fått omgjort sine saker ved å vinne tid og forberede saken sin. En god del har fått prøvd saken sin på nytt og fått asyl. Kirkeasylet har med overveiende sannsynlighet reddet mange liv.

Dette avblåser Mehl. Hun kvester muligheten for kirkeasyl, samtidig som hun pakker budskapet inn i et hav av tåke. Vårt Land refererer ministerens skriftlige svar fra stortingsrepresentant Dag Inge Ulstein 27. mai. Det er umulig å skjønne hva hun mener. Hun sier både at «den nye praksisen ikke griper inn i dette», samtidig gir hun tydelig beskjed om at opphold i kirker ikke lenger «er til hinder for, gir utsettelse av eller reduserer sannsynligheten» for utkastelse.

På Dagsnytt 18 fredag hørte vi lignende tåketale fra statssekretær Geir Indrefjord. Han får seg til å si at «vi respekterer det hellige rom», samtidig som han forsvarer avgjørelsen. Det er vanskelig å ikke tolke dette som noe annet ennomgåelse av steinharde fakta: Over og ut med kirkeasylet, pakket inn i en flom av visvas om å respektere kirkene.

> **Over og ut med kirkeasylet, pakket inn i en flom av visvas om å respektere kirkene**

## Rett i søpla

Det fem justisministere fra Fremskrittspartiet ikke klarer, gjør altså Senterpartiet og Mehl. 1000 års kristen og humanistisk tradisjon i dette landet kastes rett i søpla. Dette lille hjørnet av humanitet utslettes. Jeg kan ikke skjønne at dette skjer gjennom et parti som har fostret humanitet og menneskeverd gjennom profiler som Stålsett, Kleppa, Lahnstein, Navarsete og Toppe.

## Til politikerne

Jeg har noen oppfordringer/spørsmål:

- Mehl: Om du vil skrote kirkeasylet, si det som det er.
- Senterpartiet: Mener dere virkelig at kirkeasylet skal kastes vrak på? Jeg trodde dere hadde respekt for gudshuset og kirkas tradisjoner?
- Arbeiderpartiet: Dere sitter helt stille i båten: Er dere virkelig med på dette?
- SV: I budsjettet var dere med på at en skulle kunne se på kirkeasylet mot å få amnesti forlange kirkeasyl: Hva sier dere nå?

**REGLER KRONIKK OG DEBATT** Kronikk: Maks 6.000 tegn. Hovedinnlegg: Maks 3.500 tegn. Innlegg og replikk: 1.800-2.200 tegn. NB: Alle mål inkluderer mellomrom. Vi foretrekker ditt innlegg på e-post. Innlegg må signeres med fullt navn og presentasjon av forfatteren. Oppgi adresse og telefon. Legg gjerne ved bilde av deg selv til kronikk og hovedinnlegg. Konvolutter må merkes med «debatt». Redaksjonen forbeholder seg rett til å forkorte. Innsendte manus blir ikke returnert. Vårt Land betinger seg retten til å arkivere og utgi alt stoff i avisen i elektronisk form i Vårt Lands eget arkiv eller andre databaser Vårt Land har avtale med. Stoffet kan også gjøres tilgjengelig på Vårt Lands internettsider. Politisk redaktør er Berit Aalborg og debattleder Dana Wanounou.